
Saksnr: 2023/82136-1
Saksbehandlar Lene Borgen Waage
Dato: 13.11.2023

Til: Hovudutval for næring

Frå: Avdelingsdirektør Bård Sandal

Dashbord Grøn region Vestland november 2023

Bakgrunn

Grøn region Vestland er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Noreg. Styringsgruppa for prosjektet er Næringsforum Vestland¹. Målet er å skape samarbeid mellom ulike offentlege og private aktørar for å sikre at arbeidet med grøn omstilling i Vestland kan skje både raskare, betre og enklare.

Verkemidlane er bygging av verdsleiande grønne hubar gjennom industriell symbiose, utvikling av grøn infrastruktur, verkemiddel for å ta posisjonen som den globalt leiande havregionen og å auka tempoet gjennom prioritering og best samarbeidsrigg.

Kvar for oss veit me mykje, men ikkje nødvendigvis dei same tinga

I heile fylket arbeider ulike aktørar som kommunar, næringsliv, inkubatorar og næringshagar med kunnskapsinnhenting og innovasjonsprosjekt for næringslivsutvikling. I handlingsprogrammet for Vestland fylke 2020 valde ein «smart spesialisering» som metode for regional næringsutvikling. Dette er ein metode som blir brukt av EU i arbeidet med å legge til rette for vekst og innovasjon i alle regionar, og handlar om å byggje vidare på kompetansen, næringslivet og ressursane som allereie er i regionen for å utvikle nye verdikjeder og næringsområde. Ein identifiserte styrkar, svakheiter og moglegheiter gjennom EY-rapporten *Vestlandsscenarioene*. Arbeidet inkluderte dialog med omkring 400 involverte aktørar og identifiserte 250 innovasjonsprosjekt. Rapporten har vore eit viktig kunnskapsgrunnlag for ei rekkje prosessar både lokalt, regionalt og også nasjonalt, som til dømes *Regional plan for berekraftig verdiskaping* og prosjektet Grøn region Vestland.

Dashbord som verktøy for kunnskapsmåling og kunnskapsdeling

Medan analyser og større kunnskapsgrunnlag gir oss grunnleggande og grundig innsikt i eit tema, gir såkalla dashboard oversikt over status. Dette kan samanliknast med eit instrumentpanel i ein bil, der ulike måleindikatorar som fartsmålar, turteljar og dekktrykk overvakar status, men også varsellampar kan blinke om det noko er gale. For vår del viser dashboardet status for utvalde indikatorar og me kan bruka visualiseringar for å synleggjera om status og resultat er bra eller dårleg.

¹ Næringsforum Vestland er ein partnerskap for samordna innsats for å fremje innovasjon og næringsutvikling i Vestland. Partnerar i forumet er Vestland fylke, Innovasjon Norge, Statsforvaltaren i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, UiB, HVL og NHH, NHO og LO, Norges forskningsråd, KS Vestland, Bergen kommune, SIVA og Næringsalliansen.
<https://www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/naringsforum-vestland/>


Målgrupper

Prosjektgruppa og Næringsforum Vestland som er styringsgruppa for Grøn region Vestland, har behov for dashboardet som grunnlag for å følgje med på om prosjektet når måla som er sett, og som del av grunnlaget når ein står overfor val og prioriteringar. Dashboardet vil også bli brukt i dialog med politikarar, næringsliv, kommunar og andre samarbeidspartnarar i prosjektet for å vise kva rolle dei har i å nå måla våre og resultatet av arbeidet som blir gjort. Til sist er det viktig for oss at dashboardet, eller delar av dette, kan synleggjera for innbyggjarane kvifor ein har gjort val eller prioriteringar og resultatet av dette.

Val av indikatorar

For Grøn region Vestland er reduksjon av utslepp, auka fastlandseksport og grønne arbeidsplassar sentrale mål, men korleis skal vi velje indikatorar som viser om vi er på rett veg? Fyrste steg for å finne relevante indikatorar som kan påverke om me når måla våre, har vore å teikne opp ei resultatkjede som viser innsatsfaktorar, prosessar og rammevilkår som kan inngå i eller påverke relevante verdikjeder og effektane av Grøn region Vestland.

Figur 1 Resultatkjede som viser innsatsfaktorar, prosessar, produkt og tenester som, saman med rammevilkåra, ligg til grunn for effektar hjå bedrifter og i samfunnet



Neste steg er å operasjonalisera variablane gjennom å identifisera indikatorar for dei ulike delane av resultatkjeda som enten viser om me er på rett veg, er viktige for å lukkast (kritiske suksessfaktorar) eller syner risikofaktorar. Nokre område er enkle å operasjonalisere, medan andre er meir krevjande fordi det ikkje er eintydig kva som gjer at vi er på rett veg eller korleis vi kan måle dette. Derfor har vi vald å konsentrere oss om utvalde område i utviklinga av eit dashboard, for å søke å få god kvalitet på visualiseringane og hauste erfaringar til bruk i vidare utvikling.


Dashboard Grøn region Vestland

Ein første versjon av dashboardet for Grøn region Vestland er no publisert på prosjektet sine heimesider: <https://www.gronnregionvestland.no/dashboard>

Framsida inneheld overordna status for måla og lenker til rapportsidene for dei ulike områda. Vidare er det temavise sider for utslepp, eksport, sysselsetting og grøn infrastruktur, samt lenke til Vestland sitt kompetansegrunnlag for kompetanse.

Vi vil arbeide vidare med å utvikle ulike delar av dashboardet, i tråd med erfaringane vi gjer oss og behova for styringsinformasjon knytt til ulike tema.


Figur 2 Førstesida for dashboardet for Grøn region Vestland



Rapportsider om utslppsreduksjon


Nasjonalt skal ein redusere utslappa av klimagassar med minst 50 % og opp mot 55 % prosent innan 2030, samanlikna med nivået i 1990 (Miljømål 5.213). Hovudmålet i Vestland sin regionale plan for klima 2022-25 er at Vestland reduserer direkte klimagassutslapp med mål om netto nullutslapp innan 2030, med temamål for næring om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslapp i 2030². Eit konkret resultatmål er å redusere dei største punktutslappa frå industrien. Vidare er det behov for å følgje med på utviklinga i ulike sektorar, og korleis ulike delar av fylket bidreg til desse. Dashboardet har demed rapportark for utslapp frå ulike sektorar, med eigne ark for kva sektorar som skapar utslapp i dei ulike kommunane og kva som er dei største utslppspunkta i Vestland.

Figur 3 Rapportark om sektorvis fordeling av utslapp



² <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/klima-og-natur/regional-klimaplan/regional-plan-for-klima-2022-2035-vedtatt-i-ft-des-2022.pdf>


Figur 4 Rapportark for årleg utslepp av CO2-ekvivalentar til luft frå landbasert industri



Rapportsider om Grøn infrastruktur – fornybar energi


Innovativ grøn infrastruktur vart identifisert som ein av fire kampar for å nå måla i Grøn region Vestland i Vestlandsporføljen 2021³. Kritiske suksessfaktorar er samarbeid med sentrale myndigheiter for å sikre at Vestlandsporføljen får nett, bygge energisystem mellom hav og land for at vi kan bli leiande på industriell fortetting og symbiose, prioritera infrastrukturinnovasjon der risikoen for tapt konkurransekraft er størst og ta ut potensialet for energi- og materialgjenvinning i dei grøne hubane. Behovet for å følgje med på den samla energisituasjonen er blitt stadfesta av ei rekkje initiativ og rapportar sidan 2021, som til dømes Energikommisjonen, kraftløftet Vestland og kunnskapsgrunnlaget for regional plan for fornybar energi. Dashboardet viser derfor status og resultat knytt til ulike kraftkjelder, nett og energibruk:

Figur 5 Førstesida for grøn infrastruktur - kraftsystemet



³ https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/gron-region-vestland/gron-region-vestlandsporføljen_endelig.pdf (s 94-99)

Figur 6 Rapportside som viser status og utvikling for vasskraft



Prosess for vidare utvikling av dashboardet

Dashboardet for Grøn region Vestland er nyleg publisert på Grøn region Vestland sine nettsider og blir no presentert og diskutert med ei rekkje ulike aktørar. Erfaringane med bruk av dashboardet og tilbakemeldingane frå ulike målgrupper vil vera grunnlag for vidare utvikling, saman med resultat og aktivitet i Grøn region Vestland.